

ÅRSMELDING 2021

Sotra Øygarden Turlag



TURÅRET 2021

Turåret 2021 vart som 2020 prega av pandemien. Mange turar har blitt gjennomførte, men med restriksjon på talet deltakarakar. Det har vore stadige endringar i smittevernrutinane og turleiarane har gjort ein god jobb med å stadig rette seg etter siste forskriftene.

Andre fritidsaktivitetar har hatt varierende tilbod. Naturen er alltid open og stadig fleire har oppdaga gleda ved den flotte naturen me er omgjevne av her i Øygarden.

Kystpasset har vore ein stor suksess i 2021 også.



KYSTPASSET



Kystpasset vart lansert for første gong i 2013. Det var leiar i Sund Turlag, Fredrik Mortensen, som iverksette idéen. Det første Kystpasset inneheldt 14 turar i Sund kommune. I 2019 vart Kystpasset utvida til heile den nye Øygarden kommune, med 30 turmål. Det var ti turar frå kvar av dei tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden.

Kystpasset 2021 vart lansert i mars. Det var mange som venta med spenning på årets hefte. Før lanseringa i mars, fekk styret fleire spørsmål om kva tid Kystpasset 2021 skulle kome. Interesse var stor allereie før lanseringa.

I arbeidet med Kystpasset 2021 har det vore mykje fokus på å utbetre dei punkta me hadde fått tilbakemelding om frå turgåarar. Det gjaldt spesielt merking av løyper, parkering og markering av stistart. I 2021 fekk me produsert eit eige Kystpasssturskilt som vart plassert i starten av kvar tur. Me plasserte retningsskilt ved stiskiller. Alle turkassane som ikkje var raude vart bytt ut med raude turkassar.

Alle løypene vart gått opp på nytt med GPS-sporing, slik at me i samarbeid med kommunen si kartavdeling fekk produsert nye kartutsnitt.

Kystpasset er også hyppig brukt via digital plattform. Fram til november 2021 var det SjekkUT-appen som var mest brukt. Denne vart fasa ut i november og integrert den nye og utbetra UT-appen.

I 2021 har me produsert pins til alle som klarer å fullføre dei 30 turane i Kystpasset. Desse vert delt ut på Biblioteket på Straume.

Kystpasset er planlagt å verte vidareført i 2022, med nokre nye turmål. Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk til å produsere Kystpasset. Takka vere dei kan Kystpasset framleis vere eit lågterskeltilbod som er tilgjengeleg for alle.

Statistikk Kystpasset i Sjekk-UT	2019	2020	2021 *
Totalt innsjekkingar	3316	21221	27.232
Påmeldte deltakarar i sjekk-UT lista	660	2286	2585

*Status 2021 er teke ut 16. januar. Kystpassperioden gjeld fram til 1. mars.

Me har delt ut omlag 14.000 kystpasshefter, og omlag 4000 kllippekort.

VETENLØPET

Vetenløpet vart ikkje arrangert i 2021. Det er første året det ikkje vart arrangert sidan oppstart for 11 år sidan.

BARNAS TURLAG / TURBOKLUBBEN



Barnas Turlag har hatt lite aktivitet i 2021.

Pandemien har ført til at me har få aktive frivillige. Med stadige endringar i smittevernreglane, har det ikkje blitt prioritert å rekruttere fleire frivillige.

I april vart det arrangert fuglekassebygging ved Larslibua. Dette var populært og det var ynskje om at denne aktiviteten vert sett opp igjen i 2022.

Turboklubben har faste treff annakvar onsdag.

Me har ein fast gjeng med barn i alderen 5-10 år, der alle barn har med seg ein eller to vaksne. I år har det vore færre barn med i Turboklubben. Nokre av dei som var med i fjor, har enten blitt for store eller dei har starta med andre fritidsaktivitetar. Leiarane i Turboklubben var samde om å ikkje ta inn fleire barn så lenge det har vore usikkerheit rundt aktivitetsnivået. Me er tre turleiarar i Turboklubben.

I 2021 har det ikkje vore arrangert nokon turar i trilleturgruppa.

Kom Deg Ut-dagane

Grunna Covid-19 har me ikkje fått arrangert Kom Deg Ut-dagen slik me kjenner den, men me har fått gjennomført både vinter- og haust- Kom Deg Ut-dagar på alternative måtar. I februar var me heldige med mykje snø og strålende sol på Kom Deg Ut-dagen. Det var lagt opp til at alle kunne gå på tur sjølv, men med forskjellige aktivitetsnivå på turane. Det var delt inn i nivå 1, 2 og 3. Alle som fullførte dei forskjellige nivåa vart premiært. Me hadde premieutdeling med bålpanne og pølsegrilling ved Sotra Arena. Det var fleire som møtte opp og henta premiane sine.

I september var det mindre smittevernkrav enn i februar, så då hadde me eit samla arrangement ved Larslibua. Det var konsert med Good Time Charlie og dei skapte god stemning. I tillegg var det turquiz og kanopadling. Grunna tørke i naturen og smittefare kunne me ikkje ha bål eller servere mat.

Turbo møtte også, men klemmar og high fives sat langt inne hjå barna etter halvtanna år med avstandskrav.



Samarbeid med andre lokallag

Det har ikkje vore høve til samarbeid med andre lokallag i år grunna smittesituasjonen. Me hadde eit strandryddearrangement i nærleiken av Rong. Dette vart arrangert saman med Bergen og Omland friluftsråd.

Frivillige i Barnas Turlag og Turboklubben

Me er få frivillige i Barnas Turlag. Det har ikkje vore høve til å rekruttere nye i 2021. Per i dag har me fire aktive frivillige i Barnas Turlag. Alle desse har turleiarutdanning på forskjellige nivå.

I samband med Kom Deg Ut-dagane har me fått god hjelp av styremedlemmer.

DNT Ung

Det har ikkje vore aktivitet i ungdomsgruppa i Øygarden i 2021. Det har vore drøfta om me skulle starte samarbeid med Bergen Vest, men førebels har ikkje dette blitt gjennomført. Det er fleire unge som har Turleiarutdanning. Desse har vore med på aktivitetar utanfor kommunen.

Opptur

Grunna Covid-19 vart det ikkje arrangert Opptur dette året.

KYSTSPORTGRUPPA



Kystsportgruppa er ei ny turgruppe som vart starta i mai 2021. Gruppa kan samanliknast med Fjellsportgruppene, men Kystsportgruppa vil arrangere turar og aktivitetar som utforskar det kystnære friluftslivet. Gruppa er for vaksne frå 30 år og opp til senior. I mai kickstarta gruppa med Coasteering. Saman med to guidar frå Coasteering.no fekk to turleiarar og ti deltakarar boltre seg på Narøyna. Me var heldige med været, med sol og 18 varmegradar. Deltakarane fekk klatre opp på 8 meter høge klipper og hoppe ut i sjøen. Med gode og trygge instruksar var det mange som tok utfordringa. Me fekk også prøvd oss på klatring langs klippeveggen, der sjøen vart brukt som landing om ein mista taket. Alle var einige om at dette var utruleg kjekt.

Kystsportgruppa har ikkje hatt nokon arrangement etter dette, grunna sommarferie og lite høve til å arrangere noko på hausten. Det krev høg kompetanse å arrangere aktivitetar i og ved sjøen, så gruppa treng fleire instruktørar innan kystfriluftsliv. Gruppa drøftar vidare satsing i 2022.



SØNDAGS-, TYSDAGS- OG ONSDAGSGRUPPA

Søndagsgruppa, Tysdagsgruppa og Onsdagsgruppa er vidareføring av turgrupper frå tre tidlegare turlag.

SØNDAGSGRUPPA

Søndagsturar i år har vore 15, med 191 personar som har delteke på turane. 7-fjellsturen hadde 20 deltakarar som alle fullførte. Vêret var fint, akkurat passeleg til langtur. Deltakarane måtte melde seg på, men det har tilsynelatande ikkje vore til hinder for nokon. Turgruppa heldt eit jamt og og samkøyrd tempo heile vegen.

Turleiarar og turleiar møter.

Ingen organiserte turleiar møter i 2021.

Uhell

Vi har hatt 1 personskade i løpet av sesongen. Skaden oppstod som eit reint uhell mens vi var i eventyrskogen på Blomøy. Deltakaren fekk ei vridning som førte til brot i eit bein i ankelen. Det medførte gips og krykker etter legevaktbesøk.



Frå 7-fjellsturen 2021

TYSDAGSGRUPPA

Tysdagsgruppa starta med turar 02/03-21. Det var tilsaman 29 turar, med 432 deltakarar. Turåret vart avslutta 23/11-21.

Alle turar var i Øygarden kommune.

Det var berre éin tur som ikkje vart gjennomført, og det var turen til Vorlandstuva. Vêret var dårleg og dei einaste som var påmelde var turleiarane.

Dei mest populære turane var dei som gjekk til øyane Bjelkarøy, Lerøy og Risøy. Det er alltid to turleiarar på turane. Det har vore mindre oppslutning på turane i år, samanlikna med åra før pandemien.

Siste turen i haust var Glesnes rundt. Vi hadde avslutning på Glesvær kafé med fiskesuppe.

Turleiarar og turleiar møter.

Me har hatt eitt turleiar møte, der vi har sett opp turar for 2022.

Uhell

Ingen uhell registrert.



På Vetten. Foto Sigrid Venke Håkonsund

I 2021 hadde gruppa 36 datoar på sin turkalender for turar, og avslutning av turåret. Turane har vore mest i Øygarden kommune, men vi har også vore utanfor kommunegrensa.

Det var berre éin tur måtte avlysast dette året grunna Covid-19 og smittesituasjonen. Ein annan tur måtte vi leggje om som følgje av brannen som starta på Fjæreide. Den blussa opp att på vår turdato der i området.

I juni hadde vi ein innhaldsrik dagstur til Voss. Her var det organisert og lagt opp til mange opplevingar for oss, meir enn berre å gå tur.

Tilsaman har det vore 871 turgåarar og turleiarar ute på tur med denne gruppa dette året.

Det har vore påmelding til turane. Dette grunna eventuell smittesporing, og vi har hatt grense for kor mange som kunne gå saman. Den grensa har variert mellom 20, 30, 40 eller 50 personar alt etter smittesituasjonen. Det har vorte ekstra arbeid for turleiarane, men likevel har det vore kjekt å få gå tur.

Turleiarar og turleiar møter.

Også i år har vi vore sju aktive turleiarar i denne gruppa. To nye vil bli turleiarar, og dei har no teke ambassadørkurs. Dei ventar på at nærturleiarkurs skal bli arrangert.

I løpet av året har det vore to turleiar møter.

Uhell

Det har ikkje vore registrert uhell på turane, heller ikkje Covid-19 smitte, men ein turleiar var uheldig og skada seg ved fall. Det var på ein prøvetur i forkant av ein oppsett tur.



På veg til Haganesfjellet frå Liaskjæret. Foto: Anne-Liv Foldnes Bjørsvik

DUGNADSGRUPPA

Det har ikkje vore mogleg å danne ei dugnadsgruppe i 2021, men det er likevel fleire som har delteke på dugnad. Restriksjonar grunna Covid-19 har ført til at det har vore utfordrande å rekruttere fleire til Dugnadsgruppa.

Dugnadsleiar og representantar frå Dugnadsgruppa har levert materiale til klopper, og nokre stadar skilt, til følgjande prosjekt:

- Utbetring av stien mellom Sekkingstad og Fjæreide, nordsida (prosjekt nye PiN)
- Utbetring av stien frå Hamre til Vetten (prosjekt nye PiN)
- Utbetring av stien frå Hovden til Alvheim (prosjekt Nye PiN)
- Utbetring av stien på Tofterøy
- Utbetring av stien på Haugeheim (Vorland) til Vorlandstuva og Vetten
- Utbetring av stien frå Selstø til Bekhilderen: nye klopper, ny trapp i Grunnavågen. Merking av sti både frå Glesvær og Telavåg
- Oppjustert merking av stien til Russarstegen (prosjekt Nye PiN)
- Oppjustert merking av Kystpasstur frå Haganes til Liatårnet. Traséen vart lagt noko om.

Materialer til prosjektet Nye PiN har turlaget forskottert og fått refundert.

Det har også vore utført betre merking og skilting på samtlege Kystpassturar 2021.

Prosjekta i nye PiN og stien på Tofterøy vart utført av lokale folk. Øvrig dugnad er utført av frivillige i Sotra Øygarden Turlag.

Øygarden har eit stort nettverk av stiar som treng vedlikehald. Dugnadsgruppa har ikkje nok frivillige til å halde vedlike alle stiane. Velforeiningar og grendelag har mange dyktige frivillige som hjelper til. Det er ynskjeleg at Dugnadsgruppa til Sotra Øygarden Turlag vert samla igjen.

Sotra Øygarden Turlag fekk tildelt midlar frå DNT til å opprette Aktiv til 100 dugnadsgruppe. Grunna for liten oppslutning på dugnad, har det ikkje vore mogleg å bruke desse midlane, så dei vart tilbakebetalt.



OVERSIKT DUGNADSTIMAR

Sotra Øygarden Turlag



DUGNAD	Komité / Styrearbeid	Feltarbeid	Turleiar / instruktør	Anna	Totalt
Tal aktivitetar	45	53	157	8	263
Tal deltakarar	131	96	225	10	462
Tal timar totalt	500	371	1479	29	2379

Alle dugnadstimane totalt utgjer **1,4 årsverk**.

Turar og Kurs	Vaksne		Born/ Familie		Senior		Opne arrangement	Turpostar	Medlems- møte	Totalt
	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs				
Antall arrangement	20	-	14	-	58	-	2	30	1	95
Antall deltakarar	307	-	244	-	1128	-	170	138.700	25	1874
Deltakardagar	307	-	244	-	1128	-	170	138.700	25	1874



Styret i Sotra Øygarden Turlag har hatt 10 styremedlemmer i 2021.

Styret har bestått av medlem som representerer dei tre tidlegare turlaga Fjell, Sund og Sotra-Øygarden Turlag.

Styret har ikkje hatt varamedlem.

STYRET I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2021

Heidi Reisegg Endal	Styreleiar. Leiar i Barnas Turlag / Turboklubben
Reidar Vorland	Nestleiar. Leiar i Dugnadsgruppa
Lars Bjoland	Kasserar
Runhild Sivertsen Rokkan	Skrivar
Einar Espeskog	Styremedlem. Leiar i søndagsdagsgruppa
Vidar Andersen	Styremedlem
Janne Espe Fjæreide	Styremedlem
Veronika N. Turøy	Styremedlem. Leiar i DNT-ung gruppa
Frøydis Sørliid Vik	Styremedlem
Karstein Golten	Styremedlem

VALNEMNDA I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2021

Stine Sanden
Torhild Kalgraff
Bjørn Nesbø

Styret har gjennomført 6 styremøte i 2021. To møte vart avlyst i november og desember grunna høgt smittetrykk. Eitt styremøte vart gjennomført på Teams. Resten av møta vart gjennomført fysisk i møtelokale på Sotra Arena.

Styreleiar har vore representert på to turar i samband med prosjektet nye PiN.

FELLESMØTER

I juni var styreleiar med på digitalt landsmøte. Landsmøtet skulle vore i Trondheim, men grunna Covid-19 vart det heller samling med administrasjonen i Bergen og Hordaland Turlag og lokallaga under Bergen og Hordaland Turlag på Scandic i Bergen. Der vart sakene handsama digitalt.

Bergen og Hordaland Turlag sitt fellesmøte med alle lokallaga i november vart arrangert fysisk i Kvam. Styreleiar og eitt styremedlem frå Sotra Øygarden Turlag deltok på dette møtet.

Styreleiar har vore med på 3 styreleiar møter i regi av Bergen og Hordaland Turlag. Desse møta har vore gjennomført digitalt.

LAGER OG MØTELOKALE

Turlaget har lager i Turlagshuset på Gjerdet. Det har ikkje vore utført noko arbeid med Turlagshuset i løpet av 2021, men det er funne ei midlertidig løysing for tilgang til vatn. Sotra Øygarden Turlag har fått eit tettare samarbeid med Husflidlaget og Museum Vest som nyttar kulturminnehuset på Gjerdet og Løa. Styret i Sotra Øygarden Turlag får nytte fasilitetane i kulturminnehuset når Turlaget har møte eller arrangement. Behovet for ei betre løysing for straumtilkopling er vidareformidla til kommunen og dette vil bli sett på når Løa skal få utbetra straumtilkoplinga.

DIGITALE KANALAR

Sotra Øygarden Turlag sin største digitale informasjonskanal er Facebook. I midten av januar hadde me 1715 følgjarar. Her har me potensiale til å få fleire følgjarar ettersom Facebooksida til Fjell Turlag hadde i overkant av 2200 følgjarar medan Sund Turlag si Facebookside hadde 1265 følgjarar.

Me har i tillegg ein Instagramkonto der det i midten av januar var 758 følgjarar.

Me bruker også heimesida vår sotraoygarden.dnt.no til å formidle informasjon.


Grunna Covid-19 har ingen arrangement blitt oppretta på Facebook. Alle arrangement har krevd påmelding og har difor berre blitt oppretta på heimesida.

Sotra Øygarden Turlag har vore omtala i Vestnytt fleire gongar i løpet av 2021, så her har me nådd ut til fleire. I tillegg har me hatt fleire publikasjonar i medlemsbladet Sti og Varde.

I samband med lyngrannen på Sauafjellet var styreleiar med på direktesendinga til NRK Vestlandsrevyen i juni.

Det er mange av innbyggjarane som har eit eksemplar av Kystpasset. Me vil satse på dette som ein av våre informasjonskanalar, sidan me her kan nå ut til fleire med viktig informasjon om lokallaget og DNT.

Mange av turmåla i Øygarden har blitt oppdaga nasjonalt. Informasjonsleiar i Bergen og Hordaland Turlag har vore med styreleiar i Sotra Øygarden Turlag på fleire turar og teke droneopptak av naturskattane her i kommunen. Dette har blitt vist på TV2 og ligg også ute på Youtube.



REKRUTTERING

Lokallag	Medl. 2017	Medl. 2018	Medl. 2019	Medl. 2020	Medl. 2021
Fjell	1053	1052	1100		
Sund	238	246	266		
Sotra Øygarden Turlag	(1291)	(1298)	(1366)*	1601	1710

*I 2019 var det totalt 1474 medlemmer, inkludert dei som var DNT-medlem i gamle Øygarden kommune.

Ved utgangen av 2021 hadde Sotra Øygarden Turlag 1710 medlemmer. Dette er ei auke på 6,8%. Per i dag er det 4,4% av innbyggjarane i Øygarden som er DNT-medlem.

TURLEIARUTDANNING

Sotra Øygarden Turlag har registrert rundt 30 turleiarar med grunnleggande turleiarutdanning. Det er ein del av desse som ikkje har vore aktive dei siste åra. I haust var det to frivillige frå onsdagsgruppa som tok ambassadørkurs. Dei ynskjer å ta nærturleiarkurs når dette vert sett opp. Det har vore arrangert 2 kurs i datasystemet Sherpa i regi av Sotra Øygarden Turlag.

Vi ynskjer å ha flest mogleg sertifiserte turleiarar, for å sikra høg kvalitet på våre aktivitetar. Vi treng stadig nye frivillige. Det er også ynskje om oppfrisking og meir kompetanse for dei som er aktive. Turleiarane er sentrale i all aktiviteten vår, og styret må difor ha fokus på rekruttering.



TRYGGLEIKSARBEID

Sotra Øygarden Turlag har fokus på tryggleik knytt til våre arrangement. Det er etablert faste rutiner for varsling av uheldige hendingar. Alle turleiarar skal ha «turlederens beredskapsplan» med i sekken. Sotra Øygarden Turlag sin Turleiarkoordinator sørger for å oppdatere, informere og minne turleiarane om tryggleiken rundt arrangement og aktivitetar.

I 2021 gjennomførte ein av turleiarane i Barnas Turlag livredningskurs i vann.

DAGSTURHYTTA

Sotra Øygarden Turlag har tilsynsavtale på dagsturhytta Larslibua. Hytta vart offisielt opna 27. mars. Grunna Covid-19 vart det ikkje gjennomført opningsarrangement som planlagt. Ordføraren og andre representantar frå kommunen stod for opninga.

Hytta er populær med mange besøkjande. Det vert utført tilsyn annakvar veke gjennom heile året. Inntrykket er at hytta vert godt teken vare på av dei som besøker den. Det er registrert 1783 innsjekk på Larslibua ved utgangen av året. Det er fleire som besøker dagsturhytta utan å sjekke inn i appen.



Julestemning ved Larslibua

GÅVER OG STØNAD TIL SOTRA ØYGARDEN TURLAG

Spleis innsamling "Gutta på tur..."	62.900 kr
Klepsvik Mat AS (etterbetaling Gutta på tur)	1250 kr
Stønad frå Equinor	10.000 kr
Tippemidler grasrotandel	20.281 kr
Nye PiN: refusjon av materialinnkjøp	
Dagsturhytta	8000 kr

ØKONOMI

Sjå vedlegg.

Valnemnda sitt framlegg til styre 2022

Alle kandidatar er kontakta og har sagt ja til dei ulike verva.

Framlegg til kandidat som styreleiar (blir valt for 1 år):

1. Heidi Reisegg Endal (leiar)

Kandidatar som ikkje står på val:

1. Runhild Sivertsen Rokkan
2. Lars Bjoland—kasserar
3. Janne Espe Fjæreide
4. Karstein Golten

Framlegg til kandidatar som styremedlemmer (blir valt for 2 år):

1. Vidar Tverfjell
2. Gitte Gjaldbæk Bjørøy

I det nye styret vil det vere 7 personar. Det er redusert med 3 frå 2021.

Revisor (blir valt for 1 år):

- Anita-Elin Fedøy

Framlegg:

Årsmøtet gjev det nye styret fullmakt/mandat til å finne kompetent person som fyller rolla som revisor.

Forslag til kandidatar for valnemnd (blir valt for 3år):

1. Stine Sanden på val om 1 år (ikkje aktiv grunna morspermisjon)
2. Bjørn Nesbø på val om 2 år
3. Rune Alvsaker Erichsen or 3 år.

Valnemnda vel sin eigen leiar.